



Alver kontrollutval

Møteprotokoll med saksframlegg

Møtedato: 28. april 2020 kl. 12.00 – 12.40
Stad: Fjernmøte via Microsoft Teams

Tilstade: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Rolf Sandstad (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Are Nygård (1. vara for Storheim) og Dag Erik Hagesæter (1. vara for Tveranger)

Forfall: Arild Gisle Tveranger (medlem) og Margrete Aven Storheim (medlem)

Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun (til sak 29/20)

Revisor: Frå Deloitte: Espen Hordvik, Senior Manager

Sekretær: Tonje Husum Aarland, Nordhordland Utviklingselskap IKS (NUI)

25/20 Godkjenning av innkalling og sakliste til fjernmøte i kontrollutvalet 28. april 2020

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 11.02.2020 (vedlegg 1)

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til fjernmøtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til fjernmøte i kontrollutvalet 28. april 2020 er godkjent.

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til fjernmøte er godkjent.



26/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11. februar 2020

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 11.02.2020 (vedlegg 1)

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal godkjenne møteprotokollen frå førre møtet.

Det er gjort ein mindre endring i møteprotokollen:

Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem) er lagt til under tilstade i møtet.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 11.02.2020 er godkjent slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 11.02.2020 er godkjent slik den ligg føre.

27/20 Skriv og meldingar

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Behandling i møte:

Sak 29/20 vart handsama før sak 27/20.

Det var ingen skriv og meldingar til møtet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



28/20 Orientering om midlertidige lovendringer

Saksopplysingar:

Unntakssituasjonen med Covid-19 og tiltaka som har vore sett i verk for å unngå smittespreiing gjer at samfunnet har måtte tilpasse seg ein ny kvardag og andre måtar å jobbe på. 13. mars kom ein midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalgte organ, jf. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-13-277>.

Frå 17. april gjeldt midlertidig lov om unntak frå kommuneloven, IKS-loven og partiloven (Covid-19-tiltak), jf. [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2020-04-17-27?q=midlertidig lov covid-19](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2020-04-17-27?q=midlertidig%20lov%20covid-19). Denne gjev mellom anna utvida fristar for rekneskapsrevisor og vedtak om årsrekneskapa og årsmelding, og gjev revisor moglegheit til å levere revisjonsmelding fram t.o.m. 15. juni, jf. § 5. Kommunestyret må vedta årsrekneskapa og årsmeldingane for 2019 seinast innan 15. september.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Sekretariatet gjennomgjekk midlertidig forskrift og lov. Oppmodar alle til å nytte NKRF sine heimesider for å sette seg inn i lovreglane: www.nkrf.no.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

29/20 Orientering om kommunal kriseleiing

Saksopplysingar:

På kommunen sine heimesider vert det delt fortløpande informasjon om tiltak i Alver kommune kring coronaviruset: <https://www.alver.kommune.no/innhald/korona/>.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun vil i møtet orientere om kommunal kriseleiing og den lokale handteringa av unntakssituasjonen grunna Covid-19.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



Behandling i møte:

Denne saka vart handsama før sak 27/20.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om den kommunale kriseleiinga og den pågåande unntaktssituasjonen med Covid-19.

Det har vore vekentlege møter med den utvida kommunale kriseleiinga, og dagleg statusmøter med den mindre kriseleiingsgruppa.

Det er gjennomført fleire tiltak, og det var orientert om mellom anna;

- Koronasenter.
- Førebuing av tilbod om luftvegslegevakt, beredskap på sjø og plass/innkvartering av koronasjuka.
- Foreløpig ingen smitteutbrudd på sjukeheimer i Alver kommune, og gode tiltak for å redusere smitte her.
- Samfunnet opner opp etter kvart og ein jobbar med å minne om handhygiene og andre tiltak for å unngå smittespreiing.
- Barnehagane og skulane er opna igjen, med tiltak for å unngå smittespreiing.
- Utfordringar med smitteverntreglane mtp. aktivitetstilbod, og ein prøver å kompensere med andre tiltak.
- Bedriftshelsetenesta tilbyr kursopplegg for opplæring av smittevern i aktuelle sektorar.
- Det er kontroll no, men ein er bekymra og førebudd for at opninga kan reversere nedgangen i smittespreiing.
- Regjeringa har opna for at ein skal kunne teste mellom 150 – 300 personar kvar dag, og kommunen jobbar med systema og retningslinjene for å klargjere for dette.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok saka til orientering.

30/20 Orientering om møteaktivitet og planlagde saker

Saksvedlegg:

Møteplan 2020 (vedlegg 2)

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet sitt ansvar og mandat kjem fram av Kommunelova kapittel 23 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon. Kontrollutvalet skal mellom anna sjå til at



kommunen sine rekneskap vert revidert på ein betryggande måte, og skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapa og årsmeldingane før formannskapet innstiller til vedtak, jf. § 3 i forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Sekretariatet og leiar i kontrollutvalet vil orientere om forslag til møteaktivitet framover og korleis vi planlegg for at kontrollutvalet kan tilpasse handsaminga av aktuelle saker etter dei midlertidige lovendingane og unntakssituasjonen vi er i.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Kontrollutvalsleiar og sekretariatet orienterte om planlagde saker og møter framover. Det vert fortløpande vurdert kva saker som skal opp på saklista til kvart møte, og vi ser an situasjonen i høve bruk av fjernmøter.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

31/20 Møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen.

Frå sist møte i kontrollutvalet i februar, har dei fleste utvala hatt møter:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

Behandling i møte:

Ingen kommentarar til møteprotokollar frå politiske utval.



Samrøystes vedtak:

Ingen kommentarar til møteprotokollar frå politiske utval.

32/20 Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Neste møte er tysdag 26. mai.

Knarvik, 28.04.2020

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær